



Foto: Knut Utler

## RANNVEIG DJØNNE

f. 1974, Ullensvang i Hardanger

Rannveig er ein nyskapande durspelar med slåttemusikken frå Hardanger og Voss som eit solid fundament i alt ho tek seg til. Rannveig arbeider til dagleg som frilansmusikar og kulturskulelærer.

I 2008 kom ho med debutalbumet *Spelferd heim*, der ho byr på både tradisjonelle og sjølv laga slåttar. Plata fekk svært gode kritikkar og vart omtala som ei av dei viktigaste durspelplatene som er gjeve ut det siste tiåret. Albumet vart også nominert til Folkelarmprisen 2009.